

NotatDato: 09.04.2018
Arkivsak: 2017/673-8
Saksbehandlar: gunradd**Referat frå møte mellom Øygarden kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune**

Til stades:	Statens vegvesen: Ingelin Garen, Marian Barsnes, Ståle Furnes og Mats Korneliussen Øygarden kommune: Ottar Vik, Øyvind Lunde og Svein Selås Kallevik Hordaland fylkeskommune. Inge Edvardsen, Gunhild Raddum og Rolf Skogedal (Skyss) Cowi AS: Sverre Lønning Oscar Eide: Naturgassparken Sotra Trelast AS: Tore Garlid
Emne:	Reguleringsplan, Dalekletten, samt gjennomgang av planane for Kollsnes næringspark, Rong senter og Rongøy
Referent:	Gunhild Raddum

Dalekletten:

Kommunen gikk igjennom planprosess og historikk. Grunna utfordringar knytt til kabel som ligg nær vegbanen har det vore krevjande å finne gode løysingar for trafikkavviklinga til planområdet. Det kan ikkje gravast nærare enn 2 meter frå kabelen. Forslaget som no er på høyring legg opp til ei einssidig busshaldeplass ved krysset mellom Fv 561 og Fv 225 som betener begge retningar. Ei slik løysing vert vurdert som mest hensiktsmessig av omsyn til trafikktryggleik og for ikkje å komme i konflikt med kabelen. Det er 80 sone på Fv 561.

Frå diskusjonen:

Målet med møte var å diskutere moglege løysingar som gjer at Dalekletten vert betent med eit best mogleg busstilbod. Kommunen poengterer at av omsyn til trafikktryggleik og kabelen i vegbana er einssidig haldeplass å føretrekke framfor haldeplasser på kvar side langs Fv 561. Fylkeskommunen/Skyss har uttalt at einssidig busshaldeplass gjer det vanskeleg å oppretthalde eit effektivt kollektivtilbod, og løysinga har store ulemper for sjåførane som skal ut i 80-sona og må krysse køyrebana. Erfaringar frå andre einssidige haldeplasser har vist at dette gir uheldige konsekvensar for bussavviklinga, og ein kan risikere at løysinga ikkje vert nytta.

For fylkeskommunen/Skyss er tidsaspektet svært viktig, og sjåførane skal ikkje oppleve det som risikabelt å køyre ut på Fv 561. Skyss må ha med operatør og verneombod i den vidare dialogen kring planen om einssidig haldeplass. Kommunen gjorde merksam på at det vert sanert haldeplasser i nærleiken, og dette vil virke positivt på tidsbruken.

SVV påpeikte at krysset er ulykkesbelasta, og eit kryss det er ønskeleg å gjere noko med. Løysinga med einssidig busshaldeplass er positivt for trafikktryggleiken, men SVV skal og sikre framkome og har difor forståing for Skyss sin innspel.

Det vart ikkje trekt endeleg konklusjon på møtet, men partane vart einig om å framskaffe meir fakta. SVV vil gjennomføre fartsmålingar på staden, og observere forgjengarar og kryssing av vegbanen for å få auka kunnskapsgrunnlag. Det kan til dømes vere aktuelt med fartsreducerande tiltak. Skyss vil skaffe oversikt over passasjertal på den aktuelle strekninga ved Dalekletten. Fakta vil leggest fram om kort tid og danne grunnlag for den vidare planprosessen. Om det ikkje vert aktuelt å gjere endringar i planen er det ei løysing å sende den på offentleg ettersyn og så kan motsegn verte vurdert.

Kollsnes næringspark:

Kommunen presenterte reguleringsplanen for naturgassparken på Kollsnes. Haldeplass for buss vart diskutert. Haldeplassen inne i området er tiltenkt arbeidsbusser og ikkje ordinær rutebuss. Arealet som er sett av her til buss verker knapt og bør sjekkast nære ut med tanke på plassbehov. Diskusjon om bruk av området, om det vert publikumsretta og kan føre til auke i besøkande med buss mellom anna. SVV etterlyste rekkjefølgjekrav om trygg kryssing av Fv 561 i den samanheng. Det vart opplyst at næringsparken vil vere eit lukka område som i liten grad vil vere opent, men trygg kryssing av vegen vil verte vurdert når ein veit meir om kva næring som vert etablert her.

Rong sentrum:

Kommunen presenterte sentrumsplanen for Rong, og med særlig fokus på busstilbodet og arealet som var sett av kring rundkøyninga. Det er viktig å sette av nok areal til universell utforming og skur ved haldeplassane. Haldeplassen ved skolen må sjekkast nærare ut med tanke på om her er tilstrekkeleg areal. (Sporing av buss.)

Kommunedelplan Rongøy:

Kommunen gjekk igjennom planen som i stor grad omhandlar veg og kryssløysing. Det skal etablerast 350 bustader her, men det er ikkje lagt opp til å etablere busstilbod nær bustadområdet. Eksisterande haldeplass i Rong sentrum og langs Fv561 ligg 5 minutt unna i kvar sin retning og kan nyttast.

Planane for både Rong senter og Rongøy er på høyring no, og med frist 01. 06 for å kome med uttale.